SOGN OG FJORDANE FYLKESKOMMUNE

**Opplæringsavdelinga**

**Sakshandsamar:**
Susan Husabø
E-post: Susan.Husabo@sfj.no
Tlf.: 57638150

**Vår ref.**
Sak nr.: 18/6336-1
Gje alltid opp vår ref. ved kontakt

**Dykkar ref.**

**Dato**
LEIKANGER, 16.05.2018

Høyringsinstansane

# Høyring av utkast til lokal forskrift Bygg- og anleggsteknikk og skiskyting ved Stryn vidaregåande skule

**Forskrift om fleksibilitet i fag- og timefordeling i vidaregåande opplæring i Sogn og Fjordane fylkeskommune, 4-4,5 årig løp i bygg- og anleggsteknikk med skiskyting**

Sogn og Fjordane fylkeskommune sender på høyring eit forslag til ny forskrift om fleksibilitet i fag- og timefordeling i vidaregåande opplæring i Sogn og Fjordane fylkeskommune, 4-4,5 årig løp i bygg- og anleggsteknikk med skiskyting

Forskrifta er utarbeidd av fylkesdirektøren for opplæring.
Forskrifta er heimla i forskrift til opplæringslova kap. 1-3. Formkrava til den lokale forskrifta er heimla i forvaltningslova § 38.
Formålet med forskrifta er å gje elevane tilbod om opplæring som gjev fagbrev i eitt lærefag frå vg2 byggteknikk, kombinert med skiskyting.

**Bakgrunn for saka**
1.8.2015 blei forskrift til opplæringslova 1-3 tredje ledd endra slik at det blei større fleksibilitet i fag- og timefordeling i vidaregåande opplæring. Skuleeigar kan legge fag på andre trinn enn det som går fram av den nasjonale fag- og timefordelinga i Udir 1-2015. Skuleeigar er i desse tilfella pliktig å lage ei lokal forskrift der det kjem fram på kva trinn dei ulike faga skal liggje. Fag- og timefordelinga må også sikre progresjonen i faga og at den vidaregåande opplæringa samla sett følgjer ordinær opplæringstid. Skuleeigar er pliktig til å også å ha eit tilbod om opplæring etter ordinær fag- og timefordeling.

**Innhaldet i forskrifta**
Kapittel 1 Formål og verkeområde
Kapittel 2 Fag og timefordelinga
Kapittel 3 Søknad om inntak
Kapittel 4 Iverksetting

**Høyringsinstansar**
Elevorganisasjonen i Sogn og Fjordane
Dei vidaregåande skulane i Sogn og Fjordane. Skulen sender ei samla uttale via v/rektor
Fylkeshovudtillitsvalde

**Frist for å sende inn høyringssvar er 25.5.2018**

Vedlegg:
1: Forskrift om fleksibilitet i fag- og timefordeling i vidaregåande opplæring innan utdanningsprogram for Bygg- og anleggsteknikk ved Stryn vidaregåande skule i Sogn og Fjordane